

# SMU/SU-møte nr 3, skoleåret 2025-26

Klasserommet til 6b, ved skulekjøkkenet på Samnanger Barneskule tysdag  
17.mars klokka 19:30 – 20.30

## Inviterte:

2 elevrådsrepresentanter

Aline S Foss og Embla Hope  
Vara: Noah Drevsjø.

2 representanter for undervisningspersonalet:

Esther Nordvik og  
Helen Tallis-Reistad

1 representant for andre tilsette:

Henny S. Nordvik

Rektor Eli Kristin Berge, Samnanger kommune  
Håvard Tvedterås kommunestyret, Samnanger kommune  
Anders Fossmark, Ingrid Rondestveit, Ane Eikeland Prestnes

Desse meldte fråvær: Alina S. Foss, Håvard Tvedterås og Ane E Prestnes  
Refr. rektor Eli Kristin Berge

## Agenda:

### **2025/2026-16 Godkjenning av innkalling**

Vedtak: Godkjent innkalling

### **2025/2026-17 Innspel til ulike planar som er til revidering: Leseplan, Trafikksikkerplan, ordensreglane.**

Vedtak: SU/SMU hadde ikkje innspel til dei tre ulike planane.

FAU leiar orienterte om at FAU vil løfte opp utfordringar knytt til trafikksikre hovudvegar i Samnanger. Det gjeld spesielt vegen mellom tunnelane, der me alle ynskje 60- sone, så er det 80 sone i Hisdalen samt eit ynskje om ein trygg overgang for gåande ved Ådland kyrkje. Dette er kjende trafikksoner som det er knytta fare til og som det har vore jobba med tidlegare. Men det samla trafikkbilete er aukande og i endring. Det er eit ynskje om at ein set Trafikksikre hovudvegar på sakskartet politisk.

### **2025/2026-18 Elevrådet fortel kort om det å vera elev på Samnanger barneskule, tema: skulemiljø/læringsmiljø.**

Vedtak/Referat: Elevrådsrepresentant Embla Hope fortel litt om arbeidet i elevrådet. Ho fortel at dei vil arrangera blant anna Talentshow. Det betyr at alle elevar kan melde seg på og få visa sitt talent for dei andre elevane på skulen. Det skal skje 23.april. Ho orienterte og om at ein vil starte opp med Aktivitetsagentar i friminutta etter påske 2026. Det er elevar som melder seg og som set i gang leikar og aktivitetar for andre elevar. Embla fortel og at dei ser ei merkar endring knytt til mobilbruk om morgonane, etter foreldremøte den 18.02.2026. Mobilane er ikkje synlege og elevar er meir aktive med fotball og andre leiker. Det er kjekt å sjå.

**2025/2026-19    Tilbakemelding frå Statsforvalter i Vestland knytt til tilsyn: Praksis skulen har på å gi intensiv opplæring for elevar på 1.-4.trinn.**

Rektor informerer om at tilsynet er lukka. Tekst frå tilsynet: *Etter ei samla vurdering finn vi det sannsynleggjort at kommunen har ein internkontroll som er systematisk og tilpassa og som sikrar at elevar på 1. til 4. trinn som står i fare for å ikkje ha forventa progresjon i lesing, skriving eller rekning får eigna intensiv opplæring slik at dei oppnår forventa progresjon.*

**2025/2026 -20    Informera om Kongebesøket i mai månad.**

Rektor informerer: Samnanger kommune skal få besøk av kongeparet den 27. mai 2026. I det høve er sektor Oppvekst i gang med førebuande aktivitetar som å laga til samtykke som føresette må gi, for at elevar får lov å delta på arrangementet. Busstransport bort og tilbake til Bjørkheim og at alle elevar blir oppfordra til å kle seg fint denne dagen. Det er knytta eit stort arbeid rundt dette besøket med omsyn til beredskap og ein ros og risikoanalyse. Føresette skal få god informasjon i god tid før sjølve dagen.

**2025/2026-21    Eventuelt**

FAU leiar gjev ei kort tilbakemelding om prosjekt Smartmobilfri skule. FAU-leiar fortel og at FAU i dag har gjort eit vedtak som lyder slik:

**FAU ved Samnanger barneskule jobbar for at borna skal få ein smarttelefonfri barndom gjennom å venta med å gi borna smarttelefon til etter barneskulen.**